



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 3/2015

Møtedato: 21.1.15

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Uttak av masse for oppfylling av stadion på Vaset

Statskog har oversendt til uttale ein søknad frå Vestre Slidre idrettslag om å få ta grus ei eit par område i nærleiken av skistadion på Vaset.

Idrettslaget v/Sverre Flatmo skriv følgjande:

Vestre Slidre IL har nå slutført arbeidet med garasje-/garderobebygg på Vaset skistadion. Neste byggetrinn er å opparbeide selve stadion på myra vest for det nye bygget. Stadion skal benyttes både til skistadion og til start-/målområde for sykkelritt m.v. I tillegg skal konkurranseløyper ut fra stadion ryddes og planeres.

Da stadion skal opparbeides på en myr, vil det være behov for å fylle på masse med bedre bæreevne. For å redusere transportkostnadene, er det ønskelig å få tilgang til egnet masse i nærheten av stadionområdet.

Etter å ha studert reguleringsplan for Vaset sentrum har vi funnet et par aktuelle hauger med egnet masse. Dette gjelder en haug nederst i den planlagte «sentrumsgata» (område S5-B). Dersom vi får benytte massen i denne haugen, vil vi kunne avslutte uttaket med å planere arealet slik at det kan benyttes til parkeringsplasser for skiløpere inntil eventuelt sentrumsgata blir realisert.

Vi har også sett på arealet langs med skiløypa forbi garasje-/garderobebygget (den nedre delen av område S3). Uttak av noe masse her vil gjøre skråningen ned mot skiløypa slakere uten at det vil redusere utbyggingspotensialet for område S3.

Med henvisning til våre vurderinger foran søker Statskog SF om å få ta ut masse til Vaset stadion fra område S5-B og område S3.

Sender med et par bilder av de aktuelle områdene.

Arealet som det blir søkt om er i kommuneplan definert som utbyggingsområde. Eine masseuttaket er ein grushaug som ligg i enden av planlagt gate i S5-B og det i nedkant av S3. Det kan ta fleire år før ev. utbygging kjem i gang i dei aktuelle områda. Det er derfor viktig at masseuttaket blir gjort slik at det er lite synleg etter uttaket er avslutta. Det er ikkje skissert avgrensingar av masseuttaka og spesielt i område S3 er det vanskeleg å sjå for seg konsekvensane utan å ha vore på befarung. Dato for fjellstyret si årlege befarung er satt til den 15. juni.

Sverre Flatmo har i møte med administrasjon den 14.1.15 orientert nærare om planane. Idrettslaget har tenkt å start opp arbeidet rett etter påske for å bli ferdig til sykkeløpet "Valdresrittet" går i midt i juli. Det er derfor ynskjeleg at det kan bli teke ei avgjerd før påske. Det skal leggast to trasear over myra og det bør vera tilstrekkeleg med masse i haugen i område S5-B. For å gjera inngrepet lite synleg i ettertid forslo han at vegetasjonslaget blir lagt til side og lagt på etter uttaket er avslutta. Få dei ta heile haugen i S5-B er det ikkje nødvendig med uttak i område S3.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret vil tilråda at idrettslaget får ta ut masse til stadionområdet. Masseuttaket skal avgrense seg til haugen i enden av planlagt gate i område S5-B og det må stillast krav om at vegetasjonslaget skal leggast til side og leggast på så snart masseuttaket er avslutta.

Vedtak:

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vestre Slidre fjellstyre den 23.1.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Idrettslaget v/Sverre Flatmo
Vestre Slidre kommune